

Føretaksmøte 1. juni 2015

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

Behandling av årleg melding for 2014,  
godkjenning av årsrekneskap og  
årsmelding m.m.



---

## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Måndag 1. juni 2015 kl. 09.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i R5, Akersgata 59, Oslo.

### Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2014, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2014, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7
- Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44
- Sak 6 Endringar i driftskredittramma
- Sak 7 Endringar i vedtektene

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Bent Høie

### Frå styret møte

Styreleiar Terje Vareberg

### Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen  
Fagdirektør Baard-Christian Schem

Personal- og organisasjonsdirektør Hilde  
Christiansen  
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae

### Også til stades

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold

Ekspedisjonssjef Cathrine Meland

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møtte ved Frode Linna.

Revisor for Helse Vest RHF, Ernst & Young, var varsla i samsvar med lov om helseforetak § 18 og møtte representert ved statsautorisert revisor Tommy Lothe.

### Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Helse- og omsorgsministeren spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

#### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Terje Vareberg og helse- og omsorgsminister Bent Høie blei valde til å skrive under protokollen.

### Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

#### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

### Sak 3 Årleg melding 2014, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseforetaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I vedtektene § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga etter § 34 i lov om helseforetak om pålegg og bestemningar som er gitt i føretaksmøtet eller sett som vilkår knytt til løyvinga, er oppfylte. Vilkår knytt til løyvinga går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2014.

Helse Vest RHF gjorde greie for årleg melding 2014 og for styret sitt vidare arbeid på utvalde område i 2015. Føretaksmøtet viste til årleg melding frå Helse Vest RHF av 11. mars 2015 og supplerande informasjon av 27. april 2015. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har oppfylt sørge-for-ansvaret. Føretaksmøtet merka seg styret sin konklusjon om at styringskrav gitt i oppdragsdokument og føretaksmøte for 2014 er ivaretekne og at sørge-for-ansvaret som Helse Vest RHF er pålagt gjennom lovverket samla sett er oppfylt for 2014.

I oppdragsdokument 2014 er det stilt krav om at gjennomsnittleg ventetid i spesialisthelsetenesta skal vere under 65 dagar. Ventetida for Helse Vest var på 70 dagar i 2014. Dette er ein reduksjon på to dagar samanlikna med 2013. Føretaksmøtet viste til at det gjennom fleire år har vore eit mål for spesialisthelsetenesta at ventetidene skal reduserast. Sidan 2011 har målet vore å få ventetidene ned mot 65 dagar, utan at målet er nådd. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF innretta drifta slik at målet om 65 dagar ventetid i 2015 blir nådd.

Føretaksmøtet merka seg at delen fristbrot i Helse Vest er 3 pst. i 3. tertial 2014. Føretaksmøtet viste til endringar i lov om pasient- og brukerrettigheter som vert sett i kraft i løpet av 2015, der alle pasientar som har behov for helsehjelp frå spesialisthelsetenesta vert rettighetspasientar og skal få ein juridisk frist for når naudsynt helsehjelp seinast skal



starte. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF innrettar drifta slik at målet om null fristbot blir nådd.

Føretaksmøtet viste til at kreftbehandling har vore ein styringsindikator i 2014. I 2015 er det per 1. mai innført 14 pakkeforløp for kreft. Ytterlegare 14 pakkeforløp vil bli innførte frå 1. september. Føretaksmøtet understreka at det er eit leiaransvar å lykkast med pakkeforløpa og føreset at dette arbeidet blir prioritert slik at måla som er gitt i oppdragsdokumentet 2015 til dei regionale helseføretaka, blir nådde.

Føretaksmøtet viste til målet om å etablere eit tverrfagleg diagnosesenter for pasientar med uavklart tilstand og eit prostatasenter i 2014. Det første diagnosesenteret i regionen starta opp i Helse Bergen HF i januar i år, mens Helse Stavanger HF vil starte opp tilsvarende senter i løpet av 2015. Det er planlagt å etablere to prostatasenter i regionen; i Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF i løpet av 2015. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF følgjer opp dette arbeidet slik at minst eit senter er etablert og i drift i løpet av 2015.

Føretaksmøtet viste til styringsparameterane om sjukehusinfeksjonar og pasientar med blodpropp i hjernen som får trombolysebehandling. Delen sjukehusinfeksjonar for Helse Vest er på 5,3 pst. per november 2014. Dette er ein nedgang på om lag 0,9 prosentpoeng samanlikna med same periode i 2013. Tal for 2. tertial 2014 viser at delen pasientar med blodpropp som får trombolysebehandling i Helse Vest er 20,9 pst. Dette er ein auke på om lag fire prosentpoeng samanlikna med same periode året før. Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest er einaste region som har nådd målet på 20 pst. for delen pasientar med blodpropp som får trombolysebehandling. Føretaksmøtet understreka at det er viktig at Helse Vest RHF fortset å arbeide med tiltak for å betre resultata på kvalitet og pasientsikkerheit i pasientbehandlinga.

Føretaksmøtet viste til målet om at veksten innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal vere høgare enn for somatikk, vart innført på nytt i 2014. Innan psykisk helsevern skal DPS og BUP prioriterast. Veksten målast på regionnivå, mellom anna gjennom endring av kostnader, ventetid og aktivitet. Føretaksmøtet merka seg at ventetida innan psykisk helsevern for vaksne, psykisk helsevern for barn og unge, samt tverrfaglig spesialisert rusbehandling i Helse Vest, gjekk ned meir enn innan somatikk frå 2013 til 2014. Dette er i tråd med målet. Aktivitet blir målt gjennom polikliniske konsultasjonar, døgnbehandling og tal på utskrivningar. Rapporteringa frå Helse Vest RHF viser at målet er nådd for nokre av aktivitetsmåla, og for andre ikkje. Føretaksmøtet viste til at kostnadstala viser størst vekst for tverrfagleg spesialisert rusbehandling, etterfylgt av somatikk, psykisk helsevern for vaksne og psykisk helsevern for barn og unge frå 2013 til 2014. Føretaksmøtet viste til at målet har ført til ei endring i merksemd og aktivitet i sjukehusa mot psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, men at det er rom for betring i 2015.

Føretaksmøtet viste til styringsparameterane om pasienterfaringar innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Resultata frå Nasjonalt kunnskapssenter etter ei nasjonal undersøking i 2014 viser at det er stort potensial for betring på fleire område, som tilfredsstillande tilgang til psykolog eller lege, og at behandlinga er tilpassa pasientane sine behov. Pasientane rapporterte mest positive erfaringar med måten dei blei tekne imot på ved institusjonen, at behandlarar/personale var høflege og viste respekt, og å kjenne seg trygg ved institusjonen. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF følgjer opp resultata frå rapporten i kvalitetsbetringsarbeidet og i styringa av verksemda.



Resultata frå Nasjonalt kunnskapssenter publisert i mai i år om reinnleggingar av eldre i perioden 2011–2013, viser at reinnleggingar av eldre skjer ofte i norske sjukehus og at det er til dels store skilnader mellom sjukehusa. Tal for heile landet viser at sannsyna for at eldre blir reinnlagt på sjukehus innan 30 dagar varierte frå 9,2 pst. for brot til 28,4 pst. for astma/kols. Føretaksmøtet såg alvorleg på at det er store variasjonar mellom sjukehusa på dette området og understreka at kvalitetsbetringsarbeid er viktig for å minimere variasjonen mellom sjukehus og å ivareta målsettinga om likeverdige helsetenester.

#### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet tek årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF til etterretning.*

### **Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2014, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7**

I samsvar med lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga frå styret for 2014 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet. Helse Vest RHF gjorde greie for årsrekneskap og årsmelding for 2014 og for styret sitt vidare arbeid. Statsautorisert revisor Tommy Lothe gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2014.

Føretaksmøtet viste til at rekneskapen som er lagt fram, viser eit rekneskapsmessig overskot og eit positivt avvik samanlikna med resultatkravet stilt i føretaksmøte i 2014.

I føretaksmøtet 7. januar 2014 vart det fastsett følgjande resultatkrav for Helse Vest RHF for 2014:

- Føretaksmøtet la til grunn at føretaksgruppa i Helse Vest innrettar verksemda innanfor dei økonomiske rammene og krava som følgjer av Prop. 1 S (2013-2014), føretaksmøtet og oppdragsdokumentet for 2014, slik at sørge-for-ansvaret vert oppfylt og at det vert lagt til rette for ei bærekraftig utvikling over tid.

Samstundes vart det tatt følgjande atterhald: *"Berekning av rekneskapsmessig pensjonskostnad for 2014 er under utarbeiding og det samla kostnadsnivået for dei regionale helseforetaka ligg derfor ikkje føre. Dersom det viser seg at det blir større endringar i forhold til det kostnadsnivået som er lagt til grunn i Prop. 1 S (2013-2014), vil det bli teke stilling til om det er grunnlag for endringar i løyvinga."*

Endelig berekning av pensjonskostnadene for dei regionale helseforetaka for 2014 ga eit kostnadsnivå på om lag -2 300 mill. kroner, noko som var om lag 15 140 mill. kroner lågare enn tidlegare lagt til grunn. Ved behandlinga av Prop. 23 S (2014–2015) *Endringer i statsbudsjettet 2014 under Helse- og omsorgsdepartementet*, vart basisramma til dei regionale helseforetaka sett ned med 5 040 mill. kroner, medan resten av kostnadsreduksjonen vart disponert til å styrke føretaka si eigenkapital, svarande til 10 100 mill. kroner. Det samla resultatkravet til dei regionale helseforetaka for 2014 vart difor endra til eit samla positivt resultat på 10 100 mill. kroner.

I føretaksmøtet 17. desember 2014 vart det som følgje av dette sett eit nytt resultatkrav for Helse Vest RHF på 1 913,4 mill. kroner for 2014.

Etter at Helse- og omsorgskomiteen la fram Innst. 102 S (2014-2015) jf. Prop. 23 S (2014–2015) fekk Helse- og omsorgsdepartementet informasjon om at Statens pensjonskasse

hadde nytta feil forholds-/delingstal i sine berekningar av kostnadene som låg til grunn for Prop. 23 S (2014–2015). Dette gjaldt berekningar for Sjukehusapoteka og dei tidlegare statssjukehusa. I føretaksmøte 17. desember 2014 vart det sagt at det ville bli sett hen til dette når rekneskapsresultata for 2014 for dei regionale helseføretaka skulle godkjennast i føretaksmøte i mai 2015. Endelege berekningar av samla pensjonskostnader for 2014 viste at disse blei om lag 200 mill. kroner lågare enn lagt til grunn ved handteringa nemnt ovanfor og dei regionale helseføretaka blei difor overkompensert tilsvarande. Helse Vest sin del av dette utgjorde 37,9 mill. kroner.

Årsresultat for 2014 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit positivt resultat på 2 709,2 mill. kroner, mot eit resultatkrav på 1 913,4 mill. kroner. Dette er eit positivt avvik frå eigar sitt styringskrav på 795,8 mill. kroner. I resultatet inngår nedskriving av eignedelar med 3,5 mill. kroner, samstundes som det er resultatført netto tap ved sal av eigeidom på 4,7 mill. kroner. Helse Vest har investert for 1 913,7 mill. kroner i 2014 og har helda seg innanfor vedtatt ramme for driftskreditt. Den samla ressursbruken til drift og investeringar er gjennomført innanfor vedtekne rammer og resultatkrav for 2014. Føretaksmøtet er nøgd med at resultatkravet som blei stilt for 2014 er oppfylt samla sett.

Føretaksmøtet viste til at det er positivt at Helse Vest igjen leverer eit positivt resultat. Dette bidreg til å styrke investeringsevna og som kjem pasientar og medarbeidarar til gode.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF har utarbeidd ei erklæring om tilsettingsvilkåra til leiarane i tråd med allmennaksjeloven § 6-16 a og vedtektene § 16 a.

#### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet godkjenner styret sin framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2014.*

### **Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44**

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2014. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 2 970 000 inkl. mva. utgjør honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 338 000 inkl. mva. Dette inneber ein redusert kostnad på kr 58 000 for føretaksgruppa samla sett og skuldast mindre meirarbeid og færre møter.

#### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet godkjenner ei godtgjering på kr 2 970 000 inkl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2014, medrekna godtgjering på kr 338 000 inkl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.*

### **Sak 6 Endringar i driftskredittramma**

Med atterhald om Stortinget si handsaming av Prop. 119 S (2014–2015) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2015* vil ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka bli redusert med 1 750 mill. kroner frå 10 326 mill. kroner til 8 576 mill. kroner pr. 31.12.2015. Årsaka til endringa er at pensjonskostnaden for 2015 som vart lagt til grunn i Prop. 1 S (2014–



2015) har auka med 1 750 mill. kroner. Reduksjonen i driftskredittramma er fordelt etter ordinær inntektsfordelingsnøkkel.

Helse Vest RHF sin del av reduksjonen utgjer 332 mill. kroner. Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt pr. 31.12.2015 blir redusert frå 1 955 mill. kroner til 1 623 mill. kroner.

#### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Driftskredittramma pr. 31.12.2015 for Helse Vest RHF blir sett ned med 332 mill. kroner, frå 1 955 mill. kroner til 1 623 mill. kroner.*

### **Sak 7 Endringar i vedtektene**

I medhald av lov om helseforetak § 12 og vedtektene § 19, skal føretaksmøtet fastsetje endringar i vedtektene.

Nærings- og fiskeridepartementet har fastsett "Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel" med verking frå 13. februar 2015. Retningslinjene erstattar retningsliner fastsett 31. mars 2011. Dei nye retningslinjene har ikkje tilbakeverkande kraft.

Hovudprinsippa i dei førre retningslinjene om at løna til leiarane skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønsleiande, er vidareførte. Det skal leggast vekt på moderasjon.

Helse- og omsorgsministeren har i brev av 7. mars 2015 informert styra om at retningslinjene i føretaksmøtet skal gjelde fullt ut både for dei regionale helseføretaka og for helseføretaka. På bakgrunn av nye retningsliner og endra plikt for regionale helseføretak og helseføretak, er det behov for å gjere enkelte presiseringar i vedtektene § 16 a:

- I følgje dei statlege retningslinjene skal vedtektene innehalde ei bestemming om at styret si erklæring om løn og annan godtgjering også skal gjera greie for korleis staten sine retningsliner er fylgde opp i underliggjande verksemdar.
- Verken regionale helseføretak eller helseføretak kan fråvike dei statlege retningslinjene.
- Regionale helseføretak og helseføretak skal leggje dei statlege retningslinjene til grunn ved utarbeiding av eigne retningsliner.

Føretaksmøtet la til grunn at vedtektene blir tilpassa til dei underliggjande verksemdene.

#### **§ 16 a Erklæring om ledernes ansettelsesvilkår lyder nå slik:**

"Helse Vest RHF skal utarbeide en årlig erklæring om ledernes ansettelsesvilkår. Denne skal tas inn som en note i årsregnskapet. Erklæringen skal ha et innhold som angitt i allmennaksjelovens § 6-16 a, og skal behandles på tilsvarende vis i foretaksmøtet som avholdes i Helse Vest RHF innen utgangen av juni hvert år. Det vises til allmennaksjelovens § 5-6 tredje ledd."

#### **Ny § 16 a Om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til daglig leder og andre ledende ansatte skal lyde slik:**

"Ved utarbeidelse av egne retningslinjer skal Helse Vest RHF og underliggende virksomheter følge "Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel", fastsatt av Nærings- og fiskeridepartementet med virkning fra 13.2.2015.

Retningslinjene kan utformes strengere og mer detaljerte enn de statlige retningslinjene, men skal ellers ikke fravikes.

Helse Vest RHF skal utarbeide en årlig erklæring om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til daglig leder og andre ledende ansatte. Denne skal tas inn som en note i årsregnskapet.

Erklæringen skal ha et innhold som angitt i allmennaksjeloven § 6-16 a, herunder:

- retningslinjer for fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse som nevnt i første ledd for det kommende regnskapsåret
- en redegjørelse for den lederlønnspolitikken som har vært ført det foregående regnskapsåret
- en redegjørelse for virkningene av avtaler om godtgjørelse som er inngått eller endret det foregående regnskapsåret

Erklæringen skal i tillegg inneholde en redegjørelse for hvordan statens retningslinjer er fulgt opp i underliggende virksomheter.


Erklæringen skal behandles på tilsvarende vis som angitt i allmennaksjeloven § 6-16 a i foretaksmøtet som avholdes i Helse Vest RHF innen utgangen av juni hvert år. Det vises til allmennaksjeloven § 5-6 tredje ledd."

#### **Føretaksmøtet vedtok:**


*Vedtektene § 16 a for Helse Vest RHF blir endra i tråd med forslaget som er lagt fram.*

Møtet vart heva kl. 11.20.

Oslo, 1. juni 2015



Bent Høie



Terje Vareberg